# referat

| Oppstartmøte Strategisk næringsplan for Stranda kommune | | |
|---|---|---|
| 28.01.2019 | 1500-1645 | Formannskapssalen |
| Møte innkalla av | Stranda kommune v/næringssjef Inge Bjørdal | |
| Møtetype | Orienteringsmøte | |
| Tilretteleggjar | Inge Bjørdal | |
| Referent | Inge Bjørdal | |
| Deltakarar | Deltakarar:<br>• Even Engeset - firmapost@engeset.no<br>• Kjetil Helge Nordang - kjetil.nordang@nordang.no<br>• Randi Ansok - ansokrandi@gmail.com<br>• Hege Kristin Hansen - hegekristinhansen@gmail.com<br>• Jon Hjortdal - jon.hjortdal@mrfylke.no<br>• Bjørnar Engeset - bjornar@strandastaal.no<br>• Ove Skylstad – ove@dgt.no<br>• Petter Hjørungdal - petter.hjorungdal@mimer.no<br>• Åse Elin Hole - asehol@stranda.kommune.no<br>• Inge Bjørdal - inbj@stranda.kommune.no<br>• Renate Henriksen-Sandvær - renate@sunnmoringen.no | |

| Saklistetema 1: Velkomst | | |
|---|---|---|
| 1500-1510 | Rådmann Åse Elin Hole | |
| Diskusjon | Ingen | |
| Konklusjonar | Til etterretning | |
| Gjeremål | Ansvarleg person | Tidsfrist |
| Gjeremål 1: Referat (dette) | Inge Bjørdal | Dato \| Klokkeslett |
| Gjeremål 2 | | Dato \| Klokkeslett |

| Saklistetema 2: Orientering om strategisk næringsplan (føremål, status, oppgåver m.m.) | |
|---|---|
| 1510-1545 | Inge Bjørdal |
| Diskusjon | ➲ Arbeidsform (arbeidsmøte i grupper, fellessamlingar ??)<br>➲ Deltaking/representasjon frå ulike næringar – er alle med som *bør* vere med?<br>➲ Skal organisering av næringslivet i kommunen vere tema (jf. manglande industrilag, eller tilsvarande)?<br>➲ Pårekneleg arbeidsmengde med deltaking i gruppa<br>➲ Inndeling i arbeidsgrupper?<br>➲ Informasjon om prosjektet (informasjonsplattformar, bruk av nett)<br>➲ Framdrift |

# referat

| | |
|---|---|
| | ➲ Ønskje med omsyn til bedriftsbesøk/reiser (fylkeskommune, Rauma, Herøy vart nemnt)<br>➲ Bruk av innleiarar<br>➲ Referat frå møta i arbeidsgruppa og rapportering til styringsgruppa (FOR) |
| **Drøftingar/ konklusjonar** | Ikkje alle tema vart diskuterte i detalj, men det kom fram ein del synspunkt som er formidla nedanfor:<br><br><u>Tilflyttingsproblematikk:</u><br>• Tilflytting like viktig som heimflytting (jf. serie i Sunnmøringen)<br><br><u>Bruk av media</u><br>• Kan vi få Sunnmøringen til å presentere «Vekas bedrift».<br><br><u>Språkopplæring</u><br>• Språkopplæring av innvandrarar er ei svært viktig oppgåve med tanke på integrering.<br><br><u>Yrkesfagopplæringa</u><br>• Det har lenge vore ein trend at allmennfag har ein høgare status enn yrkesfagutdanningar, men det er tendensar til at denne trenden er i ferd med å snu.<br><br><u>Organisering av næringslivet</u><br>• Det har vore teke ulike initiativ gjennom tidene, men pr. i dag har vi ikkje nokon paraplyorganisasjon(ar) som kan vere bindelekk mellom bedriftene og kommune. Dette kompliserer informasjonsflyt og samhandling.<br>• Det kan vere aktuelt å vitje andre kommunar som har gode erfaringar med den måten dei har organisert samhandlinga med næringslivet på (Rauma og Haram vart nemnde) for å sjå om vi kan bruke desse modellane i Stranda.<br><br><u>Korleis tek vi i mot tilflyttarar til kommunen?</u><br>• Har vi ein god kultur for å ta i mot nye innbyggjarar til kommunen. Viktig at dei vert møtte med opne armar og at vi er stolte av kommunen vår (jf. «Til å vere stolt av»).<br><br><u>Bedriftsbesøk</u><br>• Repr. for bedriftene er interesserte i at kommuneadministrasjon og politikarar brukar meir tid |

| | |
|---|---|
| | på bedrifter og næringsliv, t.d. ved oppsøkjande verksemd (bedriftsbesøk), eller at bedriftene får høve til å presentere seg i kommunale fora.<br><br>Omdøme<br>• Viktig at både kommune og bedrifter tenkjer omdømebygging med tanke på å gjere oss attraktive å flytte til.<br><br>Samarbeid skule – næringsliv<br>• Gode erfaringar med yrkesmesser<br>• Dei vidaregåande skulane må heile tida tenkje nytt og framtidsretta med tanke på rekruttering slik at vi får behalde dei i framtida.<br><br>Bustadbygging<br>• Like viktig som å utvikle næringslivet er tilrettelegging av bustader som gjer at det vert attraktivt å bu og flytte til Stranda<br><br>Informasjon frå prosjektet<br>• Kommunen vil legge til rette informasjon frå arbeidet med SNP slik at det vert lett tilgjengeleg på nett og ope for alle. Det er etablert ei side på denne katalogen:<br>https://www.stranda.kommune.no/tenester/naring-og-skatt/anna-naringsliv/strategisk-naringsplan/<br><br>Arbeidsgruppa<br>Prosjektleiar må gå meir aktivt ut for å rekruttere ein større del av næringslivet til gruppa slik at alle dei viktigaste segmenta vert representerte. |
| | |

| Gjeremål | Ansvarleg person | Tidsfrist |
|---|---|---|
| Gjeremål 1 | | Dato \| Klokkeslett |
| Gjeremål 2 | | Dato \| Klokkeslett |

| Sakstema 3 - Oppfølging | |
|---|---|
| 1625:1630 | Ansvarleg |
| Diskusjon | Sjå gjeremål |
| Konklusjonar | Sjå gjeremål |

# referat

| Gjeremål | Ansvarleg person | Tidsfrist |
|---|---|---|
| Innkalling til neste møte | Inge Bjørdal | Dato \| Klokkeslett |
| Utsending av referat og vedlegg | Inge Bjørdal | Dato \| Klokkeslett |
| Rekruttering av deltakarar i arbeidsgruppa | Inge Bjørdal/alle | |
| Bedriftsbesøk | Inge Bjørdal/Åse Elin Hole | |
| Sende ut vedlegg (etter avtale) – Strategisk næringsplan Norddal kommune | Inge Bjørdal | |